



Rogaland fylkeskommune v/ Prosjektleder John Jastrey
Regionalplanseksjonen
Postboks 130
4001 STAVANGER

Adresse: Århuskleiva 33, 4865 Åmli
Telefon: 37 18 52 00
E-post: post@amli.kommune.no
Org.nr.: 864 965 962
Bank: 2821.07.04800
Avdeling: Plan- og næringsavdelinga
Saksbeh.: Tor Hallvard Taxerås
Direkte tf.: 37185214
E-post: tor.hallvard.taxeras@amli.kommune.no
Vår ref.: 2007/1047 - 74 Lnr.: 7222/2011
Dato: 28.11.2011

Høringsuttale til Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen).

VEDTAK I KOMMUNESTYRET DEN 24.11.2011:

Planforslaget har i stor grad tatt omsyn til Åmli kommunes uttale til planprogram samt det som kom fram under folkemøtet ved utarbeidinga av planforslaget. Åmli kommune meiner difor at planforslaget er solid forankra både blant innbyggjarar/næringsdrivande innanfor planområdet og i politisk miljø.

Åmli kommune har følgjande forslag til endring / tilføyingar i planen etter at plangrensa er justert::

- Kap. 2.2 Geografisk område, siste kulepunkt endre til:
- Åmli kommune – tatt ut sørlige og *midtre* deler av kommunen pga manglende relevans
- Kap. 6.3.2.2. Verneområde
Verneområde som ligg utanfor plangrensa: Barlindtjønn, Reismyr, Urdvatn og Vereknutane
- Kap. 6.3.3.2 Hytter
- Justere tabell
- Kap. 6.3.3.6 Kulturminne og miljø
- Justere kart kulturminne og -miljø (alt. forklaring plangrense og planavgrensing i planprogrammet)
- Kap. 6.3.3.7 Energi
- Få med alle potensielle inntak for småkraftverk. – Ingen av dei potensielle småkraftverka i Tovdal er med i temaoversikten. Sjå vedlagt oversikt.

Med helsing

Tor Hallvard Taxerås
Prosjektleiar plan

Kopi til interne mottakarar:
Kristin Mood Plan- og næringsavdelinga
Bjarte Nordås Rådmannen
Reidar Saga Ordføraren

Utv.saksnr:	Møtedato:	Utval:
11/38	14.11.2011	Planutvalet
11/151	24.11.2011	Kommunestyret

Arkivref: 2007/1047 - 73
Saksbeh.: Tor Hallvard Taxerås, Prosjektleiar plan
Avdeling: Plan- og næringsavdelinga
Dir.tlf.: 37185214
E-post: tor.hallvard.taxeras@amli.kommune.no

Saksordfører: Tellef Olstad

Høyringsuttale til Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen).

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG:

Planforslaget har i stor grad tatt omsyn til Åmli kommunes uttale til planprogram samt det som kom fram under folkemøtet ved utarbeidinga av planforslaget. Åmli kommune meiner difor at planforslaget er solid forankra både blant innbyggjarar/næringsdrivande innanfor planområdet og i politisk miljø.

Åmli kommune har følgjande forslag til endring / tilføyningar i planen etter at plangrensa er justert::

- Kap. 2.2 Geografisk område, siste kulepunkt endre til:
- Åmli kommune – tatt ut sørlige og *midtre* deler av kommunen pga manglende relevans
- Kap. 6.3.2.2. Verneområde
Verneområde som ligg utanfor plangrensa: Barlindtjønn, Reismyr, Urdvatn og Vereknutane
- Kap. 6.3.3.2 Hytter
- Justere tabell
- Kap. 6.3.3.6 Kulturminne og miljø
- Justere kart kulturminne og -miljø (alt. forklaring plangrense og planavgrensing i planprogrammet)
- Kap. 6.3.3.7 Energi
- Få med alle potensielle inntak for småkraftverk. – Ingen av dei potensielle småkraftverka i Tovdal er med i temaoversikten. Sjå vedlagt oversikt.

BEHANDLING I PLANUTVALET DEN 14.11.2011

Saksordfører til kommunestyret: Tellef Olstad

Avrøysting:

Samrøystes for rådmannen sitt framlegg.

TILRÅDING I PLANUTVALET DEN 14.11.2011:

Som rådmannen sitt framlegg.

BEHANDLING I KOMMUNESTYRET DEN 24.11.2011

Avrøysting:

Samrøystes for planutvalet sitt framlegg.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET DEN 24.11.2011:

Planforslaget har i stor grad tatt omsyn til Åmli kommunes uttale til planprogram samt det som kom fram under folkemøtet ved utarbeidinga av planforslaget. Åmli kommune meiner difor at planforslaget er solid forankra både blant innbyggjarar/næringsdrivande innanfor planområdet og i politisk miljø.

Åmli kommune har følgjande forslag til endring / tilføyningar i planen etter at plangrensa er justert::

- Kap. 2.2 Geografisk område, siste kulepunkt endre til:
- Åmli kommune – tatt ut sørlige og *midtre* deler av kommunen pga manglende relevans
- Kap. 6.3.2.2. Verneområde
Verneområde som ligg utanfor plangrensa: Barlindtjønn, Reismyr, Urdvatn og Vereknutane
- Kap. 6.3.3.2 Hytter
- Justere tabell
- Kap. 6.3.3.6 Kulturminne og miljø
- Justere kart kulturminne og -miljø (alt. forklaring plangrense og planavgrensing i planprogrammet)
- Kap. 6.3.3.7 Energi
- Få med alle potensielle inntak for småkraftverk. – Ingen av dei potensielle småkraftverka i Tovdal er med i temaoversikten. Sjå vedlagt oversikt.

SAKSVEDLEGG:

- 1 Heiplanen - høyringsutkast pr juni 2011.
- 2 Heiplanen - plankart pr 26.05.11
- 3 Utsnitt plankart - utarbeidd av PN-avd.
- 4 Høyringsbrev
- 5 Saksutgreiing - offentlig ettesyn
- 6 Oversikt over potensielle små kraftverk.

ANDRE SAKSDOKUMENT:

Kommuneplan 2007 -2019.

KORT OM SAKA:

Bakgrunn:

Fylkestinga i Hordaland, Rogaland, Vest – Agder, Aust –Agder og Telemark har vedtatt at det skal lagast ein regional plan for heiområda Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei. Vedtaket er grunngjeve i det nasjonale målet om å ivareta fjellområda som leveområde for sårbare arter, regional og nasjonal rekreasjonsområde og som næringsgrunnlag for levende bygder, jf. planforslagets innleiing.

I uttalen til planprogrammet gav Åmli kommune uttrykk for at den planlagde plangrensa måtte trekkast betydeleg nordover og opp i områda med høghei. Innspelet er teke til etterretning og plangrensa er nå trekt der kor kommunen ønskja.

Planforslaget som nå er til behandling er vedteke av styret i Heiplanen 23.05.2011. Styret har einstemming vedteke forslaget og tilrådd at planen leggast ut på høyring.

Åmli kommune har fått forlenga høyringsfristen til 25.11.11. Uttalen blir kort då planomtalen i seg sjølv er fyldig og godt formulert på alle relevante områder.

Planens virkeområde:

Regionale planer utarbeidast i samsvar med plan- og bygningslova og er med det bare ein retningsgivande plan utan juridiske bindande føresegn og arealkart. Regionale planer vedtas av Fylkestinga i dei respektive fylka. Rettsleg bindande arealbruk for områda blir først fastlagt gjennom revisjon og vedtak i den enkelte kommune.

Om lokal medverknad:

For delane av Åmli kommune som ligg innafor plangrensa blei det hausten 2010 arrangert folkemøte, der fastbuande, eigarar av landbrukseigedommar og andre som dreiv næringsretta verksemd blei inviterte. I førevegen var det sendt ut statusbeskriving og invitert til å kome med planlagde tiltak og ønske.

Lovgrunnlaget:

Planen er utarbeidd etter plan- og bygningslova kapittel 8 – om regionale planer. Høyringsuttalen er heimla i plan- og bygningslova § 8-3 siste ledd.

MERKNADER/VURDERING:

Generelt:

Planen gir mål og retningslinjer for framtidig forvaltning av planområdet. Retningslinene arealformål skal innarbeidast i kommuneplanen. Heiplanen gir også rammer for saksbehandling og eventuell dispensasjonssøknader. Følgjande kulepunkt er henta frå samandraget i planomtalen og omtalast direkte:

- Det er tatt i bruk virkemiddelet omsynssone på plankartet jf. plan- og bygningslova § 11-8. Det blir nytta 4 ulike omsynssoner i planen, desse er: Nasjonalt villreinområde (NVO), Villrein, Bygdeutvikling og Trekkområde.

For Åmli er det bare omsynssone villrein og bygdeutvikling som vil gjelde. Kapittel 2.10 lister opp felles retningslinjer for heile planområdet, medan kapittel 2.10.2 omhandlar omsynssone Villrein og kapittel 2.10.4 omsynssone Bygdeutvikling.

I grove trekk kan ein seie at innom omsynssona villrein må omsynet til villreinen ved gjennomføring av tiltak avklarast gjennom konsekvensutgreiing (KU), medan omsynet til villrein i bygdeutviklingssona allereie er avklart.

Det er viktig å få fram at planen bare avklarar omsynet til villrein og ikkje omsynet til øvrige arealinteresser, så som natur, kulturminne/ -miljø, friluftsliv, landskap med meir. Dette er omsyn som må avklarast gjennom ordinære planprosessar.

- Rettsleg bindande arealbruk for områda blir først fastlagt gjennom revisjon og vedtak i den enkelte kommune. For Åmli vil dette i praksis seie at det ved revisjon av kommuneplanen blir lagt inn omsynssone villrein og omsynssone bygdeutvikling for det aktuelle området og at det blir knytt føresegn til desse omsynssonene som i dag ligg som retningslinjer i Heiplanen.
- Ved revidering av kommuneplan skal det i samråd med regionale myndigheiter vurderast utarbeiding av kommunale sti- og løypeplanar. Dette blir bare aktuelt dersom det er behov for store tilretteleggingstiltak i samband med større utbyggingsprosjekt.
- Det skal vurderast å lage (inter-) kommunal plan for motorferdsel i utmark. I behandling av enkeltsaker etter lov om motorferdsel i utmark må kommunen ta sikte på å styrke næringsgrunlaget til lokale aktørar ved å gje løyver til næringskøyring.
- Den formelle forvaltninga av verneområda endrast ikkje gjennom Heiplanen. For Åmli betyr dette at naturverneområda Årdalen, Rukkevatn og Furebuheii, som alle ligg innanføre planområdet, ikkje endrar status. Desse vil framleis vere underlagt same lovverk og eksisterande forvaltningsplanar.
- Korkje NVO eller omsynssone villrein utgjer valdgrenser eller teljande areal for villreinforvaltninga. Det blir godkjent etter søknad frå Villreinlaga.
- Nasjonalt villreinområde skal inngå i ein Europeisk villreinregion, saman med Hardangervidda og Norefjell.

Bygde- og næringsutvikling:

Planen skulle etter planprogrammet avklare mogleighetene for verdiskaping innanfor planområdet. Dette er det ikkje blitt noko av grunna fleire årsaker. Arbeidet med bygde- og næringsutvikling er difor overført til nye prosesser i fylkeskommunens regi og med kommunane som bidragsytar og medansvarlege. Etter planen skal det utarbeidast regional plan for næringsutvikling.

Endringar/tilføyningar:

Administrasjonen ser behov for enkelte endringar, presiseringar og tilføyningar i planen etter at plangrensa er justert og tilrår følgjande:

- Kap. 2.2 Geografisk område, siste kulepunkt endre til:
- Åmli kommune – tatt ut sørlige og *midtre* deler av kommunen pga manglende relevans
- Kap. 6.3.2.2. Verneområde
Verneområde som ligg utanfor plangrensa: Barlindtjønn, Reismyr, Urdvatn og Vereknutane
- Kap. 6.3.3.2 Hytter
- Justere tabell.
- Kap. 6.3.3.6 Kulturminne og miljø
- Justere kart kulturminne og -miljø (alt. forklaring plangrense og planavgrensing i planprogrammet)

- Kap. 6.3.3.7 Energi
 - Få med alle potensielle inntak for små kraftverk. – Ingen av dei potensielle små kraftverka i Tovdal er med i temaoversikten. Sjå vedlagt oversikt.

Oppsummert:

Planforslaget har i stor grad tatt omsyn til Åmli kommunes uttale til planprogram samt det som kom fram under folkemøtet ved utarbeidinga av planforslaget. Administrasjonen meiner difor at planforslaget er solid forankra både blant innbyggjarar/næringsdrivande innanfor planområdet og i politisk miljø.